



Erstad & Lekven Utbygging AS
Paradisallèen 8
5232 PARADIS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7672 - 15/28637

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:

03.09.2015

Løyve til igangsetting for delar av tiltaket - grunn- og betongarbeid - gbnr 188/769 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 371/15

Tiltakshavar: Erstad & Lekven Utbygging AS
Ansvarleg søkjar: Erstad & Lekven Utbygging AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av grunn- og betongarbeid.

Kommunen har i vedtak datert 09.07.2015 gjeve rammeløyve. Det vert elles vist til søknad motteken 10.08.2015 og supplert 31.08.2015 og 03.09.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då den vart motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev datert 27.08.2015. Dokumentasjon vart motteke frå ansvarleg søkjar 31.08.2015.

Dokumentasjon som kunne stette vilkår nr 17. i rammeløyvet datert 09.07.2015 vart ikkje motteken frå ansvarleg søkjar. Byggesaksavdelinga ba brannstyresmaktene 01.09.2015 om slik uttale på grunnlag av situasjonsplan sendt inn ved søknad om igangsettingsløyve 10.08.2015. Vi mottok uttale frå NGIB (Norhordland og Gulen brannførebyggjande avdeling) 03.09.2015.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.09.2015 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Uttale frå brannstyresmaktene

«Lindås og Meland Brann og redning og NGIB har ingen innvendingar mot sjølv avkjøringa. Det som må komma på plass er enten ein mogleheit for å snu inne på området (Jmf uttale frå Teknisk drift, kulepunkt ein), eller at det er mulig å kjøre gjennom området. Det var i møtet datert 25.02,2015 sagt frå utbygger at dei skulle sjå på om svingen/avkjørsla ut til felles veg med felt B-7 kunne utvidast. Sånn som situasjonen er framlagt, vil rednings og slukkearbeid vera vanskeleg p.g.a tronge arbeidstilhøve.

LMBR og NGIB må ha oversendt forslag til løysingar på punkta nemnt over.»

Siktilinjer

Med omsyn til siktilinjer for avkøyrsløysing synt for bustader i felt B6_02 synt på teikningar datert 28.08.2015, legg kommunen prosjekterande sine vurderingar til grunn og aksepterar teikningane.

Snuhammar

Vi viser til dykkar brev datert 31.08.2015 og spørsmål angåande snuhammar i enden av o_KV. Vi vurderer det slik at det må søkast om dispensasjon frå føremålet i reguleringsplanen «park og naturområde». Vi finn at søknad om dispensasjon for opparbeiding av snuhammar kan fritakast frå nabovarsling. Såframt utbygger av felt B6 og B7 er samde om det, finn vi det naturleg at dispensasjonssøknad og handsaming vert handsama i denne saka.

Merknad

Dette løyvet er knytt til den aktuelle igangsettingssøknaden. Nye igangsettingssøknadar må følgje vedtatt rammløyyve og dei vilkår som er gitt i dette igangsettingsløyvet.

Klagar datert 13.07.2015 og 14.07.2015 på rammeløyyvet vert handsama utanom dette igangsettingsløyvet.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a vert det gjeve løyve til igangsetting for delar av tiltaket/for oppføring av grunn- og betongarbeid på følgjande vilkår:

- 1. Rammeløyyve av 09.07.2015 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Det må etablerast tilfredsstillande snumoglegheit eller gjennomkjøyring for brannkøyyretøy, jf. uttale frå LMBR (Lindås og Meland Brannvern) og NGIB (Nordhordland og Gulen**

brannførebyggjande avdeling) motteken 03.09.2015. Dette gjeld vegen som kun skal verte nytta av brannkøyretøy.

3. Det må søkast om dispensasjon for plassering av snuhammar ved B7 på areal avsett til park og naturområde i reguleringskartet. Krysset skal vere dimensjonert med snuhammar for køyretøytype LL eller L, jf. uttale frå Teknisk drift, sjå rammeløyve.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §§ 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
PRO	Bergen Elconsult AS	995 204 320	S	2	Prosjektering av brannalarm, nøddlys og ledesystem
UTF	Vassbakk & Stol AS	927 048 841	S	3	Grunnarbeid og landskapsutforming
UTF	Entreprenør Magnar Sivertsen AS	855 039 702	S	2	Betong og stålarbeider

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7672

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløp.
- Avkøyrsløp til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
- Rekkefølgekav i reguleringsplan skal være oppfylt.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt sakshandsaming, igangsettingsløyve	1 x kr 2 900,-	Kr 2 900,-
10.3.3 a)	Godkjenning av ansvarsrett, sentral godkj.	3 x kr 1 000,-	Kr 3 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20150903112258

Kopi til:

NGIB v/brannsjef i Lindås kommune	Ikenberget 16	5911	ALVERSUND
-----------------------------------	---------------	------	-----------

Mottakarar:

Erstad & Lekven Utbygging AS	Paradisallèen 8	5232	PARADIS
------------------------------	-----------------	------	---------